



Europris Butikkdrift AS
Postboks 1421
1602 FREDRIKSTAD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/13229 - 22/21648

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
15.03.2022

Ferdigattest - gbnr 108/615 Lindås

**Administrativt
vedtak:**

Saknr: 294/22

**Tiltakshavar:
Ansvarleg søkjar:
Søknadstype:**

Europris Butikkdrift AS
Elektrovakuum AS
Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for oppføring av fasadeskilt på gbnr 108/615.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 14.07.2020. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 24.11.2021.

Skildring

Adresse:	Kolåsvegen 7
Bygningstiltak:	Reklameskilt
Bygningsnummer:	12497172

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følger av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/13229

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Elektrovakuum AS
Europris Butikkdrift AS

Postboks 1058 1787
Postboks 1421 1602

HALDEN
FREDRIKSTAD